



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
07.06.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/7678 733.1
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland v/leiar for helsestasjons- og skulehelsetenesta

Bergen kommune v/Etat for barn og familie

Rapportering av årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta

Fylkesmennene er i e-post 6. juni frå Helsedirektoratet bedt om å hjelpe til med å skaffe betre oversikt over årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Kommunens frist for å svare er sett til **20. juni**. Direktoratet har bedt om at Fylkesmannen samanstiller svara frå kommunane og oversender den samla oppsummeringa innan **27. juni 2016**. Vedlagt følgjer rapporteringsskjemaet som direktoratet har utarbeidd. Send utfylt skjema til postmottak@fmho.no

Helsedirektoratet seier følgjande om bakgrunnen for denne rapporteringa

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Helsedirektoratet i oppdrag å skaffe betre oversikt over årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Direktoratet skal i samarbeid med SSB vurdere mogelege løysingar for og verknader av ei bindande minstenorm i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Det har i fleire år vore ønske om å få til splitting av årsverk mellom dei to deltenestene, men dette har ikkje vore mogeleg å få til ved bruk av registerdata. Innrapporteringa av årsverk som no skal gjerast, vil danne grunnlag for kva som bør inngå i ei rapportering via KOSTRA.

Regjeringa har stor merksemd på helsetenester til barn og unge, mellom anna utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta. I perioden 2014 – 2016 er det i dei frie inntektene til kommunane sett av 667,7 millionar kroner til styrking av desse tenestene. I 2016 er det i tillegg eit øyremerkt tilskot på 100 millionar kroner til betring av kvaliteten på tenestene. Tilskot blir gitt til kommunar som kan dokumentere at dei har budsjettert 100 prosent av dei tildelte frie midlane til helsestasjons- og skulehelsetenesta. Informasjon om tilskotsordninga ligg på heimesida til direktoratet.

For sentrale styremakter er det viktig å følgje med på korleis den økonomiske satsinga blir brukt til å styrke tenestene, mellom anna ved å auke talet på årsverk.

Vi takkar på førehand for svar frå kommunane!

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Rapporteringskjema

Kopi utan vedlegg til:

Helsedirektoratet